



Notat

Dato: 07.10.2015
Arkivsak: 2014/10180-9
Saksbehandlar: tonnils1

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Oversikt over tilsegn frå Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland pr. 30.09.2015

Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNN) er styrande for bruken av næringsretta utviklingsmidlar i Hordaland, og gir føringar for andre offentlege etatar sitt utviklingsarbeid i fylket. *Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017*, er det overordna styringsdokumentet for handlingsprogrammet.

Handlingsprogrammet for 2015 er utarbeidd med støtte frå ei ressursgruppe sett saman av representantar frå partnerskapen og Hordaland fylkeskommune. Regionalt næringsforum (RNF) har vore styringsgruppe og gitt tilråding til fylkesutvalet før endeleg godkjenning. Handlingsprogrammet vart vedteke i fylkesutvalet 20.februar 2014.

Prosjekt og tiltak som skal finansierast vil bli vurdert i lys av prioriteringane og føringane i handlingsprogrammet.

Prosjekta som er med i denne oversikten har fått tildelt midlar frå budsjettpost B i HNN, som gjeld *Tilrettelegging for næringsutvikling, inkludert øyremerkte midlar*. Dette er delvis søkbare midlar kor søknadane blir handsama administrativt. Rapporteringa er i samsvar med budsjettinndelinga under post B i HNN budsjettet:

- B-1: Hovedstrategi 1: Meir entreprenørskap og innovasjon
- B-2: Hovedstrategi 2: Relevant kompetanse
- B-3: Hovedstrategi 3: Sentral vekst og attraktive regionsenter
- B-4: Bransjeretta tiltak
- B-5: Klimaretta tiltak
- B-6: Øyremerkte midlar til program
- B-7: Øyremerkte til samarbeidsaktørar

Denne oversikten med informasjon om prosjekt som får støtte frå budsjettpost B i HNN, blir gitt som orienteringssak og inneheld:

- Tabell med oversikt over alle tilsegn gitt sidan siste oversikt.
- Tabell med samla tal hittil i år fordelt i tråd med inndelinga over.
- Kommenterarar.
- Vedlegg med kort presentasjon av dei prosjekta som har fått tilsegn i siste periode.

Siste oversikt vart gitt til fylkesutvalsmøtet 27.08.2015 med ein oversikt fram til 30.06.2015.

Denne oversikten viser utviklinga frå 01.07.2015 til 30.09.2015.

Prosjekt handsama i perioden 01.juli til 30.september 2015:

Tilsegnsnr	Prosjektnamn	Tilskotsmottakar	Innsatsområde	Prosjekt-kostnad	Tilsegnsum
077-2015	Tilskudd Etablereropplæring i Bergensregionen 2015	Business Region Bergen	B-1: Meir entreprenørskap og innovasjon	1 029 000	413 000
083-2015	INN International network of Norway 2015	Bergen Næringsråd	B-1: Meir entreprenørskap og innovasjon	870 000	150 000
097-2015	Etablerarprogrammet 2015 i Nordhordland	Nordhordland Utviklingsselskap IKS	B-1: Meir entreprenørskap og innovasjon	255 000	108 000
091-2015	Grønn Grundercamp	Folkelig	B-1: Meir entreprenørskap og innovasjon	220 500	60 000
085-2015	E-helseløysingar- klynge til klynge	Design Region Bergen	B-1: Meir entreprenørskap og innovasjon	300 000	100 000
086-2015	Bjørnefjorden utdanningmesse 2015	Lions Club Os	B-2 Hovedstrategi 2: Relevant kompetanse	584 900	60 000
060-2015	Ocean Talent Camp Vest	The Seafood Innovation Cluster	B-2 Hovedstrategi 2: Relevant kompetanse	3 000 000	300 000
095-2015	Berekraftig region ved målretta kunnskapsutvikling	Gode Sirklar	B-3: Hovedstrategi 3: Sentral vekst og attraktive regionsenter	500 000	200 000
100-2015	Byen og regionsenteret Stord- lokomotiv for vekst	Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS	B-3: Hovedstrategi 3: Sentral vekst og attraktive regionsenter	1 000 000	410 000
096-2015	Strategisk nærings- og produksjonsutvikling 2015	Norsk landbruksrådgivning Hordaland	B-4: Bransjeretta tiltak	383 150	60 000
094-2015	Fuzz konsolidering og ekspansjon	Fuzz as	B-4: Bransjeretta tiltak	510 000	100 000
098-2015	Avspark for lønnsam mat i reiselivet	Fylkesmannen i Hordaland	B-4: Bransjeretta tiltak	250 000	70 000
067-2015	Møteplass Ull og Ullveka 2015- forprosjekt	Museumssenteret i Hordaland, avd Lyngheisenteret	B-4: Bransjeretta tiltak	800 000	100 000

045-2015	VRI Hordaland 2015	Hordaland fylkeskommune, næringsseksjonen	B-6: Øyremerkte midlar til program	3 400 000	850 000
084-2015	Nyskapingsparken Inkubator 2015	Høgskolen i Bergen	B-7: Øyremerkte til samarbeidsaktørar	5 432 277	900 000
082-2015	Søknad 2015- Næringslivskompetanse til grundere	CONNECT Vest- Norge	B-7: Øyremerkte til samarbeidsaktørar	4 050 000	540 000
089-2015	Støtte til UPTIME Centre of Competence for 2015	UPTIME Centre of Competence AS	B-7: Øyremerkte til samarbeidsaktørar	5 206 342	300 000
			Totalt:	27 791 169	4 721 000

Totalt antal tilsegn fordelt på innsatsområde i år:

	Innsatsområde	Tal tilsegn	Prosjektkostnader	Støttebeløp
B-1:	Hovedstrategi 1: Meir entreprenørskap og innovasjon	19	40 497 525	5 596 000
B-2:	Hovedstrategi 2: Relevant kompetanse	8	9 791 925	1 219 000
B-3:	Hovedstrategi 3: Sentral vekst og attraktive regionsenter	3	1 560 000	655 000
B-4:	Bransjeretta tiltak	13	17 188 150	1 832 000
B-5:	Klimaretta tiltak	2	3 951 250	1 200 000
B-6:	Øyremerkte midlar til program	2	5 200 000	2 650 000
B-7:	Øyremerkte midlar til samarbeidsaktørar	8	83 431 952	3 630 000
	Totalt:	55	161 627 802	16 782 000

Kommentar:

Det er i 3. kvartal i år gitt tilsegn om ca 4,7 mill kr til totalt 17 prosjekt og tiltak. Det har vore god tilgang på søknader i perioden, Næringsseksjonen er likevel rimelig ajour med sakshandsaminga. Dei fleste prosjekta har vore knytt til hovudstrategi 1 Meir entreprenørskap og innovasjon og til bransjeretta tiltak. Elles er søknadane spreidd på alle søknadsområda.

Så langt i år har vi gitt tilsegn om ca 16,8 mill kr til totalt 55 prosjekt og tiltak. Dette inneberer at vi har nytta om lag halvparten av midlane over HNH. Søknadstilstrøyminga og tildelingane knytt til Hovudstrategi B-1 Meir entreprenørskap og innovasjon har vore langt større enn til dei andre hovudstrategiane og bransjeretta tiltak. Mengda støtteverdige prosjekt og tiltak medførte at denne prosten ville få eit overforbruk medan det sannsynligvis ville vere ledige midlar på budsjettpostane for dei to andre hovudstrategiane. Regionaldirektøren har difor gjort ei intern omdisponering ved at 1 mill kr frå kvar av hovudstrategiane B-2 og B-3 er overført til hovudstrategi B-1. Totalt sett vurderer ein det slik at det er tilstrekkeleg med midlar att på årets budsjett til å handsame dei søknadene som er forventta å komme inn i 4. kvartal.

Handsaminga av søknadane om midlar til klimarettar tiltak er no inne i sluttvurderinga og vil bli tildelt med det første.

Fylkesutvalet bestemte i juni i år at midlane til omstillingstiltak saman med tidlegare unyttar midlar til omstilling skulle nyttast til prosjekt og tiltak for å avhjelpe utfordringane i leverandørindustrien til olje/gass. Samstundes blei det vedtatt å oppnemne eit omstillingsutval. Utvalet er no etablert og har hatt sitt første møte kor det mellom anna blei arbeidd med innspel til eit handlingsprogram. Så snart dette er nærare avklart med utvalet, vil omstillingsmidlane bli utlyst og vi legg opp til at dei kan bli tildelt i haust og dei første tiltaka kan bli starta opp før jul.

Tilskudd Etablereroppl ring i Bergensregionen 2015

Tilsegn-077-2015

Etablerersenteret gjennomf rer kurs og treffpunkt for etablerarar i regionen. Kurser er tilpassa slik at dei kan takast kvar for seg eller i kompetanseprogram. Etablerersenteret utvikler tilbudet med modulkurser i takt med ettersp rnaden i marknaden.

Totale prosjektkostnader: kr 1 029 000

Finansieringsplan for prosjektet:

BRB kostnader:	kr 462 000
Deltakerandel:	kr 154 000
Handlingsprogram for n�ringsutvikling i Hordaland:	kr 413 000

Prosjektstart: 01.01.2015.

Prosjektlutt: 31.12.2015.

Prosjekteigar:

Business Region Bergen as

Prosjektleder:

Sidsel Humberset, sidsel.humberset@brb.no

Sakshandsamar:

Karina Garnes Reigstad,

tlf. 55 37 80 16, epost: Karina.Garnes.Reigstad@hfk.no

Samandrag:

Eitt av tilboda, Kompetanseprogrammet, inneheld tre kurs som varierar i lengde og omfang, men kurser er justert slik at dei passar saman. Kvar kurs bygger p  kvarandre og tar opp tema som selskapsformar, skatt, MVA, forretningsplan, id utvikling, marknadsf ring og  konomi. I samr d med etablerar og gr ndar kan rettleiar anbefale heile kompetanseprogrammet eller ta enkeltst ande kurs.

1-2-3 Etablering med hovudvekt p  selskapsformar, registrering, rekneskap og skatt.

Etablerarkurs med utgangspunkt i forretningsplan med hovudvekt p  marknadsf ring og  konomi.

 konomikurset " konomi illustrator", eit brettspel som drar kursdeltakar gjennom et case og p  denne m ten gir innsikt i viktige  konomiske begrep og prosessar.

Tilsegnsdato: 26.06.2015

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 551.60 - Handlingsprogram for Hordaland (HNH)

Budsjett: B-1: HNH Entrepren rskap og innovasjon 2015

Innsatsomr de: 1.2 B-1: Tilretteleggjande tiltak for etablerarar

St tteordning: Handlingsprogram for n ringsutvikling i Hordaland

INN International network of Norway 2015

Tilsegn-083-2015

INN® International Network of Norway er et nasjonalt tjenestetilbud til bedrifter som engasjerer utenlandsk arbeidskraft. Gjennom prosjektet INN® International Network of Norway bidrar Bergen Næringsråd både til å øke fokus på internasjonal kompetanse og tilrettelegging for kompetanseinnvandring.

Totale prosjektkostnader: kr 870 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Egeninnsats Bergen Næringsråd:	kr 350 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 150 000
Private aktører:	kr 320 000

Prosjektstart: 01.01.2015.

Prosjektslutt: 31.12.2015.

Prosjekteigar:

Bergen Næringsråd

Prosjektleder:

Cecilie Ramstad, cecilie@bergen-chamber.no

Sakshandsamar:

Karina Garnes Reigstad,
tlf. 55 37 80 16, epost: Karina.Garnes.Reigstad@hfk.no

Samandrag:

INN® International Network of Norway er et nasjonalt tjenestetilbud til bedrifter som engasjerer utenlandsk arbeidskraft. Det er INN® sentre i 7 byer som bistår bedriftene med å ivareta de utenlandske arbeidstakerne på best mulig måte når de kommer til Norge – både praktisk og sosialt. Hensikten er å gjøre overgangen til et liv i Norge så enkel som mulig for arbeidstakeren og samtidig bidra til at den nyansatte er operativ så raskt som mulig – noe som både er tidsbesparende og lønnsomt. Målsetningen er å legge forholdene bedre til rette for å rekruttere og beholde internasjonal kompetanse i Norge.

Tilseingsdato: 07.07.2015

For admin (skal ikke slettast av sakshandsamar):

Ramme: 551.60 - Handlingsprogram for Hordaland (HNH)
Budsjett: B-1: HNH Entreprenørskap og innovasjon 2015
Innsatsområde: 1.3 B-1: Profilerings og internasjonalisering
Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Etablerarprogrammet 2015 i Nordhordland

Tilsegn-097-2015

Hordaland Fylkeskommune har vore medfinansjør til etableraropplæringa i fylket. I Nordhordland har kommunane samla seg bak Nordhordland Utviklingsselskap IKS som tilbydar for kurs i regionen. Dette har vi gjort dei siste åra og har lagt opp kursa vore etter fylkeskommunen sine retningsliner.

Totale prosjektkostnader: kr 255 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Deltakaravgift:	kr 22 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 108 000
Næringsfondet i Nordhordland:	kr 125 000

Prosjektstart: 05.01.2015.

Prosjektslutt: 31.12.2015.

Prosjekteigar:

Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Prosjektleiar:

Kari Evensen Natland, kari@nordhordland.net

Sakshandsamar:

Karina Garnes Reigstad,
tlf. 55 37 80 16, epost: Karina.Garnes.Reigstad@hfk.no

Samandrag:

Hovudmålet er å bidra til å sikre vellukka etableringar i Nordhordland. Med Etablerarprogrammet 2015 skal vi sikre gründerane rett og oppdatert kunnskap om etablering av eiga verksemd. Dei skal få enkel tilgang til kunnskap om offentlege lovar og reglar som vedkjem oppstart, samt kunnskap om strategisk forretningsutvikling. Kursa skal vere aktuelle, grundige og basert på nyeste kunnskap og pedagogikk. Det vert gjennomført to etablerarkurs (vår og haust). Kvar med 12 timar fordelt på 4 samlingar. Det er planlagt et temakurs på hausthalvåret. I tillegg er det nettverkssamlingar og individuell rettleiing gjennom året

Tilsegnsdato: - ikkje sendt ut, ventar på flyt.

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 551.60 - Handlingsprogram for Hordaland (HNN)

Budsjett: B-1: HNN Entreprenørskap og innovasjon 2015

Innsatsområde: 1.2 B-1: Tilretteleggjande tiltak for etablerarar

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Grønn Gründercamp

Tilsegn-091-2015

Grønn Gründercamp arrangerast i forbindelse med Økouka og Forskningsdagene i september, og er eit arrangement som vart starta av prosjekteigar etter ønskje frå fleire av arrangørane i Økouka.

Totale prosjektkostnader: kr 220 500

Finansieringsplan for prosjektet:

Billettinntekter 35 deltakere, 300 kr stk:	kr 10 500
Egeninnsats, prosjektarbeid, fasilitering:	kr 75 000
Fylkesmannen i Hordaland:	kr 40 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 60 000
Innovasjon Norge og BTO:	kr 20 000
Sponsing av matvarer fra Reindyrka:	kr 5 000
Sponsormidlar:	kr 10 000

Prosjektstart: 28.05.2015.

Prosjektslutt: 25.10.2015.

Prosjekteigar:

Folkelig

Prosjektleder:

Kathrine Marthinsen, kathrine@folkelig.no

Sakshandsamar:

Karina Garnes Reigstad,
tlf. 55 37 80 16, epost: Karina.Garnes.Reigstad@hfk.no

Samandrag:

I følgje regjeringa er det behov for alternativ næringsutvikling for å gi grunnlag for ein meir framtidretta landbruksproduksjon over heile landet. Auka fokus på gründerskap er også eit nasjonalt satsingsområde. Vi meiner det er viktig å stimulere til næringsutvikling som også har samfunnsmessig verdi, og vektlegg difor berekraftigheit som tema for innovasjonsarrangementet. Samtidig er det eit stort markedspotensielle for fleire berekraftige produkt og teneste innan mat og matproduksjon, men lokalmatprodusentar og gardsbrukarar har ikkje nødvendigvis riktig kunnskap for å nyttiggjere seg dette. Difor ønskjer vi å arrangere Grøn Gründercamp, slik at vi kan både auke kompetansen til folk som ønskjer å satse på berekraftig mat og matproduksjon, og kople personar på tvers av fagfelt.

Tilsegnsdato: 14.08.2015

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 551.60 - Handlingsprogram for Hordaland (HNH)

Budsjett: B-1: HNH Entreprenørskap og innovasjon 2015

Innsatsområde: 1.2 B-1: Tilretteleggjande tiltak for etablerarar

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Byen og regionsenteret Stord - lokomotiv for vekst

Tilsegn-100-2015

Regionen Sunnhordland med kommunane Stord, Sveio, Bømlo, Fitjar, Tysnes, Kvinnherad, Austevoll og Etne deltok i fase 1 i Byregionsprogrammet og er no tatt opp i fase 2. KMD sitt mål med tilskot til fase 2: er å fremja økonomisk vekst i regionen gjennom samspel mellom byen og omlandet.

Tidsplan: Programperiode 2015 – 2017 i Byregionprogrammet fase 2 til KMD

Totale prosjektkostnader i 2015: kr 1 000 000

Totalt kostnader for program perioden 2015-2017 er kr 4 400 000 med støtte frå KMD på kr 1 970 000 med atterhald om løyving til programmet over Statsbudsjettet.

Finansieringsplan for prosjektet i 2015:

Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 410 000
KMD:	kr 570 000
Planmidlar (HFK):	kr 20 000
Samarbeidsrådet:	K 1 000 000

Prosjektstart: 24.08.2015.

Prosjektslutt: 31.12.2017.

Prosjekteigar:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS

Prosjektleder:

Gro Jensen Gjerde, gro.jensen.gjerde@samarbeidsraadet-sunnhordland.no

Sakshandsamar:

Kari Patricia Kleppe,
tlf. 55239568, epost: kari.patricia.kleppe@hfk.no

Samandrag:

Prosjektnamn

Byen og regionsenteret Stord- lokomotiv for vekst og utvikling i Sunnhordland!

Kort beskriving

Regionen Sunnhordland deltok i fase 1 i Byregionprogrammet med prosjektet "Byen og regionsenteret Stord - lokomotiv for vekst og utvikling i Sunnhordland?" Gjennom arbeidet i fase 1 er regionen kome fram til fire strategiar som det skal arbeidast med i fase 2.

Strategi 1. Sunnhordland – kraftsenter for klyngeutvikling

Strategi 2. Den tette byen.

Strategi 3. Saman er me sterke.

Strategi 4. Kompetanseregionen

Føremålet med prosjektet er å medverka til eit robust Sunnhordland.

Tilsegnsdato: 25.09.2015

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 551.60 - Handlingsprogram for Hordaland (HNN)

Budsjett: B-3: HNN Attraktive regionale senter 2015, B-1: HNN Entreprenørskap og innovasjon 2015, B-2:

HNN Relevant kompetanse 2015

Innsatsområde: 3.2 B-3: Regionale sentra

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

E-helseløysingar-klynge til klynge

Tilsegn-085-2015

DesignARENA initierer eit større klynge til klynge prosjekt saman med NCE Media og Smart Care Cluster for å løyse innovasjonsutfordringar i helsesektoren. Prosjektet skal kople saman bedrifter innan telemedisin, mediateknologi og tenestedesign, med fagmiljø i Helse Vest/Bergen kommune for å definere behov for tenesteinnovasjon.

Totale prosjektkostnader: kr 300 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Anna finansiering(eigeninnsats klynger mm):	kr 100 000
Bergen Kommune:	kr 100 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 100 000

Prosjektstart: 08.06.2015.

Prosjektlutt: 31.12.2015.

Prosjekteigar:

Design Region Bergen

Prosjektleder:

Torhild Eide Torgersen, torhild@drb.no

Sakshandsamar:

Jostein Farestveit,
tlf. 55239347, epost: Jostein.Farestveit@hfk.no

Samandrag:

Målet med prosjektet er å:

- Identifisere bedriftsnettverk og konsortium for prosjektet
- Identifisere kompetansemiljø i helsesektoren og kartlegge behova deira
- Identifisere mogelegheiter og utfordringar knytt til utvikling av tenesteinnovasjonar
- Kople saman bedrifter med relevante FoU-miljø
- Utforme søknad til BIA, eller tilsvarende virkemiddel i Forskningsrådet, knytt til tenesteinnovasjon

Tilsegnsdato: 10.07.2015

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: FUV - (HNH)

Budsjett: B-1: (FUV 2015) Meir entreprenørskap og innovasjon

Innsatsområde: 1.4 B-1: Nettverk og klynger

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Bjørnefjorden utdanningsmesse 2015

Tilsegn-086-2015

Bjørnefjorden utdanningsmesse 2015 som gjennomføres 11. og 12. november.

Totale prosjektkostnader: kr 584 900

Finansieringsplan for prosjektet:

Austevoll kommune:	kr 10 000
Egenandel Os Lions:	kr 187 900
Fusa kommune:	kr 8 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 60 000
Os kommune:	kr 73 000
Salg av 50 utstillingsplasser:	kr 220 000
Salg av annonser:	kr 20 000
Tysnes kommune:	kr 6 000

Prosjektstart: 01.05.2015.

Prosjektslutt: 12.11.2015.

Prosjekteigar:

Lions Club Os

Prosjektleder:

Bjørn Solheim, bjorn.solheim@mac.com

Sakshandsamar:

Heidi Bjønnes Larsen,

tlf. -, epost: heidi.bjonnes.larsen@hfk.no

Samandrag:

Politisk og administrativt nivå i Os kommune har over tid uttrykt et behov for en utdannings- og yrkesvalgsmesse for Bjørnefjordregionen. Næringslivet har på samme vis uttrykt ønske om mer kontakt med relevante utdanningsinstitusjoner i regionen. Ordførere og skolekontorene i de berørte kommunene, Austevoll, Fusa, Samnanger, Tysnes og Os, har alle stillet seg positive til en messe for Bjørnefjordsregionen. Besøket på messen av elever fra videregående skoler og ungdomsskoler skal være en del av undervisningen i skolen, og Lions Club Os har samarbeidet med skolene om for- og etterarbeid i skoletiden.

Tilsegnsdato: 31.08.2015

For admin (skal ikke slettast av sakshandsamar):

Ramme: 551.60 - Handlingsprogram for Hordaland (HNH)

Budsjett: B-2: HNH Relevant kompetanse 2015

Innsatsområde: 2.1 B-2: Opplæring

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Ocean Talent Camp Vest

Tilsegn-060-2015

"Ocean Talent Camp Vest" er eit rekrutterings- og omdømmearrangement innan marine og maritime næringar retta mot yrkesval og rettleiing for 10. klasse trinnet og vidaregåande skule. Førsta gang på Amalie Skram skule 15.-16. september 2015. Skal også haldast i 2016.

Totale prosjektkostnader: kr 3 000 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Andre kommuner i Bergensregionen:	kr 100 000
Bergen kommune:	kr 200 000
Egeninnsats timer (arrangørorganisasjonene):	kr 800 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 300 000
Innovasjon Norge:	kr 300 000
Sponsorinntekter:	kr 400 000
Utstillere (30 bedrifter x 15 000):	kr 900 000

Prosjektstart: 01.01.2015.

Prosjektslutt: 31.12.2016.

Prosjekteigar:

The Seafood Innovation Cluster

Prosjektleder:

Kjersti Meredith-Soldal, kjersti@seafoodinnovation.no

Sakshandsamar:

Inge Døskeland,
tlf. +47-55239315, epost: inge.doskeland@hfk.no

Samandrag:

Arrangementet består dels av ei messe og av foredrag. Vidare er det lagt opp til førebuaende arbeid og etterarbeid i klassene. Dei havbaserte næringsklyngene i Bergensregionen (Marint Vekstforum, NCE Subsea, Maritimt Forum, Bergensregionen, NCE Maritime CleanTech, UPTIME Centre of Competence og The Seafood Innovation Cluster) står bak arrangementet.

Tilsegnsdato: 14.07.2015

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 551.60 - Handlingsprogram for Hordaland (HNH)

Budsjett: B-2: HNH Relevant kompetanse 2015

Innsatsområde: 2.1 B-2: Opplæring

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Berekraftig region ved målretta kunnskapsutvikling

Tilsegn-095-2015

Gode Sirklar, Sotra Vidaregåande Skule og Liegruppen har starta ein dialog om korleis Sotra Kystby kan utviklast til eit berekraftig samfunn bygd på riktig kunnskap.

Totale prosjektkostnader: kr 500 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Gode Sirklar eigeninnsats:	kr 100 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 200 000
Liegruppen:	kr 200 000

Prosjektstart: 21.09.2015.

Prosjektslutt: 22.02.2016.

Prosjekteigar:

Gode Sirklar

Prosjektleiar:

Tone Merethe Aasen, tone.m.aasen@sintef.no

Sakshandsamar:

Heidi Bjønnes Larsen,

tlf. 55239523, epost: heidi.bjonnes.larsen@hfk.no

Samandrag:

Delar av næringslivet i regionen står overfor ei omstillingsperiode i åra som kjem, mellom anna som konsekvens av endringar i petroleumsnæringa. Det stiller krav også til utdanningstilbodet, som må ha tilstrekkeleg evne til omstilling, slik at kandidatar som vert uteksaminert, til ein kvar tid kan og vil bidra til berekraft i regionen. Det gjeld både med omsyn til økonomi, samfunnsutvikling og miljø, for menneska og omgjevnader og med omsyn til ressursbruk. Ein tenkjer proaktivt trekkja inn ressursar frå næringsliv og forvaltning for å avstemma behov. Det er ønskeleg å bruka næringslivet som ein praksisarena i ulike deler av utdanningsløpet og på ulike område som dekkjer både fagutdanning og allmennutdanning fram til høgare utdanning. Eit nytt campusområde kan gjere det mogeleg å bruke skulen som samfunnsarena gjennom døgnet og året, ved fleirbruk av areal og integrasjon av ulike funksjonar. I det ligg også at campusområdet skal innehalde næringsverksemd og ulike kommersielle tenestetilbod.

Tilsegnsdato: 21.09.2015

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 551.60 - Handlingsprogram for Hordaland (HNH)

Budsjett: B-3: HNH Attraktive regionale senter 2015

Innsatsområde: 3.2 B-3: Regionale sentra

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Strategisk nærings- og produksjonsutvikling 2015

Tilsegn-096-2015

Det er mange nyetablerarar på gardsbruk i Hordaland. Kurset vil vere eit tilbod til bønder i ein omstillingsfase. Mange treng hjelp til å sortere tankane og ideane sine og til å konkretisere planar. Prosessen startar med ein god ide som skal ende opp i ei verksemd med god lønsemd.

Totale prosjektkostnader: kr 383 150

Finansieringsplan for prosjektet:

Deltakaravgift:	kr 90 000
Egeninnsats NLR Hordaland:	kr 73 150
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 60 000
RULL-midlar landbruket Hordaland:	kr 60 000
UTM-midler:	kr 100 000

Prosjektstart: 15.09.2015.

Prosjektslutt: 31.10.2016.

Prosjekteigar:

Norsk Landbruksrådgiving Hordaland

Prosjektleder:

Ester Helland, ester.helland@nlr.no

Sakshandsamar:

Heidi Bjønnes Larsen,
tlf. 55239523, epost: heidi.bjonnes.larsen@hfk.no

Samandrag:

Målgruppa for prosjektet er alle bønder som har tanker om vidareutvikling av gardsdrifta eller næringer knytt til gardsdrifta. Før deltakarane startar på kurset vil rådgivar frå NLR Hordaland gjennomføre samtalar for å avklare idear og ynskjer om endringar. Kursprogrammet inneheld 5 samlingar à 2 dagar. Tema for samlingane er: elementa i ein forretningsplan, økonomiske emne, sal og marknadsføring, utvikling av eigen forretningsplan og presentasjon av denne for eit panel. Setje opp ein handlingsplan for å realisere ideane som er utvikla i forretningsplanen.

Tilsegnsdato: 22.09.2015

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 551.60 - Handlingsprogram for Hordaland (HNH)

Budsjett: B-4: HNH Bransjar med særskilt fokus 2015

Innsatsområde: 4.5 B-4: Landbruk

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Avspark for lønnsam mat i reiselivet

Tilsegn-098-2015

Prosjektet 'Avspark for lønnsam lokalmat' er kick off for NCE Tourism sitt prosjekt 'lønnsam opplevelsemat'. Møteplassen skal vere fyrste ledd i bygging av nettverk mellom lokalmatprodusenter og reiselivsaktørar.

Totale prosjektkostnader: kr 250 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Eigendel - deltakarar (950 kr x 100):	kr 95 000
Fylkesmannen i Hordaland - UTM:	kr 70 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 70 000
NCE Tourisme:	kr 10 000

Prosjektstart: 07.09.2015.

Prosjektslutt: 30.10.2015.

Prosjekteigar:

Fylkesmannen i Hordaland

Prosjektleder:

Ragna Flotrve, fmhorfl@fylkesmannen.no

Sakshandsamar:

Heidi Bjønnes Larsen,
tlf. 55239523, epost: heidi.bjonnes.larsen@hfk.no

Samandrag:

Det er forventet vekst i reiselivsaktiviteten dei næraste åra. Etterspurnaden på opplevingar er aukande, og tilbod om lokal kvalitetsmat er ein viktig del av opplevinga.

Det er relativt lite kontakt mellom lokalmatprodusentar og reiselivsaktørar. Kvalitet, marknadstilpassing og nettverksbygging står sentralt i vellukka verksemdene. Møteplassen blir eit samlingspunkt for lokalmatprodusentar og reiselivsaktørar og skal skape forståing for meirverdi ved bruk av lokalmat i reiselivet, skapa grunnlag for utvida produksjon i volum og vareutval, og på den måten gje auka lønsemd gjennom samarbeid mellom lokalmatprodusentar og reiselivsaktørar. Høve til å presentera verksemdene gjennom «speeddating» og katalog. Heilt konkret skal møteplassen føre til at aktivitetstilbydarar, serveringstader og lokalmatprodusentar inngår avtalar om samarbeid.

Tilsegnsdato: 02.10.2015

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 551.60 - Handlingsprogram for Hordaland (HNH)

Budsjett: B-4: HNH Bransjar med særskilt fokus 2015

Innsatsområde: 4.4 B-4: Reiseliv

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Fuzz konsolidering og ekspansjon

Tilsegn-094-2015

I dag er dei regionale Filmfonda oppdelt i små regionar med mindre og varierende økonomiske musklar. Filmfondet Fuzz går no i dialog med Filmfonda i Rogaland, Vest- og Aust-Agder og Telemark, med mål om å få til eit samla felles Filmfond for Sør- og Vestlandet.

Totale prosjektkostnader: kr 510 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Anna finansiering:	kr 155 000
Fuzz AS:	kr 255 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 100 000

Prosjektstart: 01.06.2015.

Prosjektslutt: 01.06.2016.

Prosjekteigar:

Fuzz AS

Prosjektleder:

Lars Leegaard Marøy, lars@fuzz.no

Sakshandsamar:

Jostein Farestveit,
tlf. 55239347, epost: Jostein.Farestveit@hfk.no

Samandrag:

Det overordna målet med dette prosjektet er å styrke film- og dataspelnæringa i vår region, og sikre at ein større del av dei statlege filmmidlane kjem næringa her til gode. Konsolideringa med dei andre regionane er eit verkemiddel for å nå dette målet, og er òg eit krav frå Kulturdepartementet og NFI for å kunne motta større løyvingar i åra framover.

Tilsegnsdato: 17.09.2015

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: FUV - (HNH)

Budsjett: B-4: (FUV 2015) Bransjar med særskilt fokus

Innsatsområde: 1.4 B-1: Nettverk og klynger

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Møteplass Ull og Ullveka 2015 – forprosjekt

Tilsegn-067-2015

Målet er at dette skal bli årlige arrangement for heile landet med utspring i Hordaland og Nordhordland. Arrangementa skal først og fremst skape auka merksemd kring bruk av norsk ull, og auka kunnskap og interesse for å bruke den norske, kortreiste ulla.

Totale prosjektkostnader: kr 800 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Andre inntekter:	kr 50 000
Bondeorganisasjoner:	kr 50 000
Eigen innsats, arrangører:	kr 250 000
Fylkesmannen, landbruk:	kr 50 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 100 000
Hordaland Sau og geit:	kr 50 000
Norilia:	kr 50 000
Regionrådet Nordhordland:	kr 50 000
Sparebank Stiftelsen:	kr 100 000
Søknad fond, andre sponsorar:	kr 50 000

Prosjektstart: 01.01.2015.

Prosjektslutt: 30.01.2016.

Prosjekteigar:

Museumssenteret i Hordaland, avdl Lyngheisenteret

Prosjektleiar:

Museumssenteret i Hordaland, avdl Lyngheisenteret, torhild@lyngheisenteret.no

Sakshandsamar:

Heidi Bjønnes Larsen,
tlf.55239523, epost: heidi.bjonnes.larsen@hfk.no

Samandrag:

Formålet er ny giv for norsk ull. Auka merksemd kring, og kunnskap om bruk av norsk ull gjennom arrangementet ULLVEKA og «Møteplass ULL vil vera med å bidra til å auka verdien og bruken av norsk ull i Norge. Målet er at Ullveka og Møteplass ULL skal verta faste arrangement, men det er framleis oppgåver knytt til å utvikle konseptet og vurderer organisering og drift. Fremma kunnskap og bruk av norsk ull og kortreist ull til alle aktørar i verdikjeda. Skapa grobunn for nyteknning og entreprenørskap innan bruk av norsk ull.

Tilsegnsdato: 03.07.2015

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 551.60 - Handlingsprogram for Hordaland (HNH)

Budsjett: B-4: HNH Bransjar med særskilt fokus 2015

Innsatsområde:

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

VRI Hordaland 2015

Tilsegn-045-2015

VRI Hordaland skal medverke til høgare grad av eigenutført FoU i bedrifter og slik styrke innovasjonsevne og konkurransekraft. VRI er inne i sin tredje prosjektperiode som strekkjer seg frå 2014-2016. Prosjektet eit samarbeid mellom Noregs Forskingsråd, Hordaland fylkeskommune, Innovasjon Norge og FoU-miljøa.

Totale prosjektkostnader: kr 3 400 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Eigenutført innsats i bedrifter:	kr 850 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 850 000
Noregs Forskingsråd:	kr 1 700 000

Prosjektstart: 01.01.2015.

Prosjektlutt: 31.12.2015.

Prosjekteigar:

Hordaland fylkeskommune, ved næringsseksjonen

Prosjektleiar:

Jostein Farestveit, jostein.farestveit@hfk.no

Sakshandsamar:

Siri Hanson,
tlf. 55239286, epost: siri.hanson@hfk.no

Samandrag:

VRI Hordaland skal medverke til å realisere måla i Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017 og skal konkret bidra til vekst og innovasjon gjennom tettare samhandling mellom bedrifter og FoU-miljø, og slik medverke til å auke næringslivet sin eigenutførte del av totale utgifter til forskning i Hordaland frå 25% til opp mot 30% innan 2017.

Hovudaktivitetane i VRI er Kompetansemekling og dialogkonferansar. Kompetansemekling skal ved hjelp av innkjøpte tenester frå FoU-miljøa HIB, UiB; Stiftinga Polytec og UniResearch mobilisere til meir eigen forskning i bedriftene og er retta mot relevante forskningsmidlar.

Tilsegnsdato: 23.04.2015

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 551.60 - Handlingsprogram for Hordaland (HNH)

Budsjett: B-1: HNH Entreprenørskap og innovasjon 2015

Innsatsområde: 1.4 B-1: Nettverk og klynger

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Nyskapingsparken Inkubator 2015

Tilsegn-084-2015

Nyskapingsparken er inne i sitt sjuande driftsår og har sidan starten hatt status som FoU-innkubator i det nasjonale inkubatorprogrammet i regi av SIVA.

Totale prosjektkostnader: kr 5 432 277

Finansieringsplan for prosjektet:

Bergen kommune:	kr 200 000
Bergen Teknologioverføring:	kr 600 000
Deltakeravgift/leie/rådgivning:	kr 700 000
Ekstrabevilgning prosjekter SIVA:	kr 400 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 900 000
Høgskolen i Bergen:	kr 600 000
Norges Handelshøyskole:	kr 100 000
Overskudd 2014:	kr 32 277
SIVA:	kr 1 900 000

Prosjektstart: 01.01.2015.

Prosjektslutt: 31.12.2015.

Prosjekteigar:

Høgskolen i Bergen

Prosjektleder:

Hilde Indresøvdde, hin@hib.no

Sakshandsamar:

Ingjerd Skogseid,
tlf. 91696016, epost: ingjerd.skogseid@hfk.no

Samandrag:

Nyskapingsparken ble oppretta i 2007 og er einaste inkubator i Bergensregionen. Hovudmålet er å medverke til etablering av nye gründerbedrifter og arbeidsplassar i regionen. Nyskapingsparken tilbyr moderne kontorlokal med all infrastruktur, forretningsrådgiving, eit stort nettverk og tilgang til kompetanse/FoU. Gjennom praktisk hjelp, kompetansebygging og eit fellesskap med andre gründerbedrifter stimulerer vi til innovasjon og dermed raskare og sikrare veg frå etablering til vekst. Inkubatoren kan sette gründeren i forbindelse med FoU, mentorar, finansiering, styrekompetanse og potensielle kundar/leverandører/samarbeidspartnare.

Tilsegnsdato: 09.07.2015

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 551.60 - Handlingsprogram for Hordaland (HNH)

Budsjett: B-7: HNH Øyremarka midlar samarbeidsaktørar 2015

Innsatsområde: 1.2 B-1: Tilretteleggjande tiltak for etablerarar

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Søknad 2015 - Næringslivskompetanse til gründere

Tilsegn-082-2015

Connect Vest-Norge er ein nøytral, non profit sjølvstendig medlemsorganisasjon som koplar gründere med kompetanse og kapital frå næringslivet. På denne måten forkorter dei gründeren sin veg til å bli gode etablerte bedrifter.

Totale prosjektkostnader: kr 4 050 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Avgiftspliktige prosjekter:	kr 850 000
Bergen Kommune:	kr 300 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 540 000
Innovasjon Norge:	kr 807 000
Medlemsinntekter:	kr 700 000
Samarbeidspartnere:	kr 853 000

Prosjektstart: 01.01.2015.

Prosjektslutt: 31.12.2015.

Prosjekteigar:

CONNECT Vest-Norge

Prosjektleiar:

Hege Elvestad, hege.elvestad@connectnorge.org

Sakshandsamar:

Ingjerd Skogseid,
tlf. 91696016, epost: ingjerd.skogseid@hfk.no

Samandrag:

CONNECT Vest-Norge har som målsetting å stimulere til næringsutvikling og nyskaping i heile fylket. Connect Vest-Norge sine delprosjekt har som grunnfilosofi at å kople vekstselskap, gründere og entreprenørar med næringslivskompetanse, investorar, potensielle kunder og samarbeidspartnarar styrkar mulegheita dei har til å lykkast med å skape levedyktige bedrifter. Connect Vest-Norge har planlagt og gjennomfører ulike delprosjekt og aktiviteter i løpet av året. Connect Vest-Norge har erfaring med at det å tilføre nettverk, kompetanse og kapital øker muligheten for å skape levedyktige bedrifter. Gjennom arbeidet søker dei også samarbeid med aktører innen FOU, nettverksaktører, industriparker, inkubatorer internasjonalt samarbeid mm.

Tilsegnsdato: 09.07.2015

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 551.60 - Handlingsprogram for Hordaland (HNH)

Budsjett: B-7: HNH Øyremerka midlar samarbeidsaktørar 2015

Innsatsområde:

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Støtte til UPTIME Centre of Competence for 2015

Tilsegn-089-2015

Hordaland fylkeskommune har ein strategisk partnerskapsavtale med UPTIME CC. Denne løyvinga inngår som ein del av denne partnerskapsavtalen og er fylkeskommunen sitt bidrag til UPTIME CC for 2015.

Totale prosjektkostnader: kr 5 206 342

Finansieringsplan for prosjektet:

Arrangementsstøtte ved seminarer:	kr 50 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 300 000
Partnerinntekter:	kr 930 000
Partnerinntekter fra nye partnere:	kr 200 000
Prosjektinntekter:	kr 3 726 342

Prosjektstart: 01.01.2015.

Prosjektslutt: 31.12.2015.

Prosjekteigar:

UPTIME Centre of Competence AS

Prosjektleder:

Knut Vindenes, post@uptimecentre.no

Sakshandsamar:

Arthur Kristian Arnesen,

tlf. -, epost: arthur.kristian.arnesen@hfk.no

Samandrag:

Hordaland Fylkeskommune har vore ein strategisk viktig samarbeidspartnar for UPTIME Centre of Competence sidan oppstart i 2012. HFK har medverka både med økonomisk støtte, gjennom observatørrolle i senteret sitt styre og gjennom å involvere senteret i nettverka og prosessane rundt næringsutvikling i fylket.

Senterets formål er å skape meir konkurransekraft for offshore og maritim næring særleg knytt til drift og vedlikehald. Senteret er ikkje del av Innovasjon Norge sitt klyngeprogram. Difor er den økonomiske støtten fra HFK av stor viktighet.

Tilsegnsdato: 12.08.2015

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 551.60 - Handlingsprogram for Hordaland (HNH)

Budsjett: B-7: HNH Øyremerka midlar samarbeidsaktørar 2015

Innsatsområde: 1.4 B-1: Nettverk og klynger

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland